



AUSTRHEIM KOMMUNE

VEDTEKTER

FOR

AUSTRHEIM KULTURSKULE

Gjeldande frå 01.01.2022



Austrheim kulturskule



Austrheim
- opne landskap, oppe sinn



Vedtekter for Austrheim kulturskule

Innhald

1.1. Om tilbudet	3
1.2. Elevinntak	3
1.2.1. Søknadsprosess.....	3
1.2.2. Permisjon.....	3
1.2.3. Venteliste.....	4
1.2.4. Undervisningstid og skuleår.....	4
1.2.5. Instrument og materiell.....	4
1.3. Eigenbetaling	4
1.3.1 Eigendel og moderasjonar.....	4
1.3.2. Frammøte og fråvêr.....	5
1.4. Aktivitet	5
1.4.1 Deltaking på arrangement og fellesprosjekt.....	5
1.4.2 Dirigenttenester til korps og kor.....	5
1.4.3 Pedagogisk plattform.....	6



Austrheim kulturskule



1.1 Om tilbodet

Austrheim Kulturskule tilbyr opplæring innan musikk-, kunst- og kulturfag til born og unge under 19 år, og vaksne dersom ledig kapasitet. Det er ingen aldersgrense for tilpassa tilbod til menneskje med særlege behov.

1.2 Elevinntak

1.2.1 SØKNADSPROSESS:

Søknadar om elevplass, moderasjonar og utmelding vert levert og handsama via gjeldande digitale administrasjonssystem, SpeedAdmin. Link til påmelding ligg på www.austrheim.kommune.no under kultur - kulturskule. Søkjar pliktar å halde informasjonen sin oppdatert etter tildeling av plass og opstart av tilbod.

Alle kan søkja opptak i kulturskulen. Kulturskulen tek opp nye elevar kvart semester, med hovudopptak 1. april. Søknadsfrist for opstart etter nyttår er 1. november.

Dei som vert tekne opp som elevar må binda seg for minst eit halvt år. Dersom ein elev ønskjer å avbryte undervisninga midt i semesteret, må han betale for heile semesteret.

Påmeldinga til kulturskulen gjennom www.austrheim.kommune.no er bindande, og føresette stadfestar i søknaden at dei har lese kulturskulen sine vedtekter. Dersom eleven ikkje ønskjer tildelt kulturskuleplass, pliktar dei føresette å melde i frå umiddelbart. Påmeldinga gjeld til plassen vert sagt opp.

Søkjar må vera busett i Austrheim kommune for å bli elev. Elevar frå andre kommunar kan verte vurdert dersom det er ledig kapasitet.

Søkjarar som er registrert etter fristen, kjem nedst på ventelistene.

Frist for utmelding til sommaren er 1. april, og 1. november når ein skal slutte etter endt haustsemester.

1.2.2 PERMISJON:

Dersom elevar av ulike grunnar ønskjer opphald frå undervisninga, kan ein søkje om permisjon.

Permisjon frå elevplass er gjeldande for eitt skuleår. Før permisjonstida går ut, og før 1. april, må eleven/føresette ta kontakt for å avklare situasjonen vidare.



1.2.3 VENTELISTE:

Søkjarar kjem automatisk på venteliste dersom dei ikkje får plass umiddelbart. Denne ventelista vert vidareført til nytt skuleår.

Søkjarar som ikkje har eit tilbod i kulturskulen skal prioriterast framfor elevar som allereie har eit slikt tilbod. Dersom kapasiteten tillèt det, kan eleven ta del i fleire aktivitetar/tilbod.

1.2.4 UNDERVISNINGSTID OG SKULEÅR:

Kulturskulen føl same skulerute som Austrheim kommune, med 38 veker undervisning.

Undervisning éin elev: 25 minutt

Gruppe på to eller fleire elevar: 45 minutt

Elevar som har vore i kulturskulen i meir enn 8 år, og som har eit visst fagleg nivå, kan søkje om opptak i fordjupingsfag og få eit utvida undervisningstilbod.

Kor, dans, teater, visuelle kunstfag og babysong vert som hovudregel undervist i grupper etter pedagogiske omsyn. Undervisninga kan etter nærmare vurdering variere i lengde etter desse omsyna. Vidarekomne elevar/fordjupingstilbod kan etter nærmare vurdering få tilbod om ekstratid etter relativ sats.

1.2.5 INSTRUMENT OG MATERIELL:

Elevane må som hovudprinsipp sjølv stå for instrument, noter, materiell og anna utstyr som vert nytta i undervisninga. I visuelle fag er dette ein fast pris som er lagt inn i elevavgifta.

1.3 Eigenbetaling

1.3.1 EIGENDEL OG MODERASJONAR:

Eleven betalar eigendel som vert fordelt i to terminbeløp, eitt for hausten og eitt for våren. Storleiken på eigendel vert regulert i samband med nytt kulturskuleår som følgje av politiske vedtak.

Ved avlysing av undervisning utover tre gongar per halvår vert eigendelen redusert. Dersom ein elev er sjukmeld over ein lengre periode, får eleven moderasjon for tidspunktet for sjukmeldinga. Berre ein moderasjon gjeld om gongen per elevplass.

Føresette med fleire elevplassar i kulturskulen må vere registrert med same betalar for alle elevplassane for at moderasjonsordningane skal gjelde.

Elevavgifta vert fakturert 30. desember og 30. juni.

Det vert gitt 25% søskenmoderasjon for born nr. 2 og utover.

Dersom ein elev har to plassar, må det betalast full pris for plass nr. 2.



Redusert eigenandel for hushald med låg inntekt:

Hushaldningar med inntekt lågare enn den til ei kvar tid gjeldande og sentralt regulerte satsen for gratis kjernetid i barnehagar brutto per år, kan søkje kulturskulen (ved rektor på Kaland skule) om redusert eigenbetaling, inntil 50% av gjeldande sats. Ordninga gjeld for born opp til 19 år med elevplass i kulturskulen.

Med søknaden må det følgje inntekstopplysingar for dei to siste år, som viser hushaldets heilskaplege bruttoinntekt. Frist for å søkja er 1. august. Som hovudregel gjeld søknaden ut skuleåret.

1.3.2 FRAMMØTE OG FRÅVÆR:

Elevane pliktar å møte presis og førebudd til undervisningstimane og arrangement. Sjukdom eller anna tvingande grunn til fråvær skal det om mogleg gjevast melding om på førehand til eleven sin lærar, eller ved melding på første frammøte etter fråværet. Eleven kan ikkje få att timar dei har skofta.

Elear som av uførutsette årsaker må slutte i løpet av skuleåret, til dømes ved sjukdom, flytting eller andre særskilde grunnar, kan søkje redusert betaling.

Avvik frå undervisninga vil verte kommunisert via SpeedAdmin og andre kommunikasjonskanalar. Kulturskulen kan seie opp elevplassen dersom eleven stadig ikkje møter opp til undervisning, ikkje viser tilstrekkeleg interesse og engasjement, viser åtferd som er til hinder for undervisninga eller ved manglande innbetaling av eigendel.

1.4 Aktivitet

1.4.1 DELTAKING PÅ ARRANGEMENT OG FELLESPROSJEKT:

Kulturskulen arrangerer fleire konsertar, framsyningar og utstillingar i løpet av skuleåret. Dette kjem fram av aktivitetsplanen og semesterplanane som kvar elev mottek hjå lærar. Å delta på slike arrangement som utøvar og/eller publikum er ein viktig del av undervisninga. Ein forventar difor at alle elear deltek (aktivt eller passivt) på slike tilstellingar minst ein gong per semester. Kulturskulen samarbeider dessutan tett med lag, organisasjonar, institusjonar og arrangørar om elevinnslag på deira arrangement.

1.4.2 DIRIGENTTENESTER TIL KORPS OG KOR

Kulturskulen sel dirigent- og instruktørtjenester til lag i kommunen.

Storleiken på timepris vert regulert i samband med nytt kulturskuleår som følgje av politisk vedtak.

Tenesta vert fakturert 30. desember og 30. juni.



1.4.3 PEDAGOGISK PLATTFORM:

Austrheim kulturskule byggjer undervisninga si på dei mål og verdiar som er nedfelt i Norsk kulturskuleråd sin rammeplan «Rammeplan for kulturskulen – Mangfald og fordjuping.

Visjon: Utvikling gjennom skaping, formidling og oppleving av kunst og kultur.

Kulturskulen skal vere ein kulturell og sosial møteplass, og skal gjennom sine ulike tilbod utvikle enkeltindividet og samtidig bidra til kulturaktive innbyggjarar på kulturarenaer lokalt og regionalt.

Eleven skal stå i sentrum for opplæringa. Undervisninga skal baserast på eleven sin aktive medverknad, bidra til å trene ferdigheiter innan kunstuttrykket og skape gode erfaringar der medverknad, speglede og kreativitet står i sentrum. Undervisninga skal ta utgangspunkt i eleven sine føresetnader og behov, uavhengig av kulturell eller sosial bakgrunn.

Elevsyn:

- Elevane skal oppleve tryggleik gjennom tilpassa og motiverande opplæring som gir meistring og glede.
- Kulturskulen er inkluderande og har respekt for kvar enkelt elev.

Våre lærarar:

- Skapar eit trygt læringsmiljø med fokus på utviklinga til den enkelte elev.
- Er gode førebilete som pedagogar og utøvarar.
- Har høg kompetanse og er viljuge til å fornye og utvikle seg.
- Er fleksible og har lokalt engasjement.

Læringsmiljø:

- Elevane skal oppleve tryggleik, trivsel og meistring
- Undervisninga skal vere differensiert, forutsigbar og variert med tydelege forventningar
- Det skal vere eit godt samarbeid med heimane.
- Vi skal ha gode og funksjonelle lokalar tilpassa læringsaktiviteten.

Kjernetilbod:

Mål: Å gi grunnleggjande og vidarekommande opplæring i fagtilbodet vårt

- Biletkunst, instrumentopplæring, song, band, samspel
- Individuell- og gruppeundervisning
- Førestillingar, konsertar og utstillingar

Breiddetilbod:

Mål: Å nå flest mogleg av innbyggjarane i kommunen og synleggjere kulturskulen

- Prosjekt i grunnskulen (skulekonsertar, musikal m.m.)
- Samarbeid med andre kommunale tenester (SFO, Nordliheimen, barnehagar m.m.)
- Prosjekt som involverer det friviljuge kulturlivet i kommunen.
- Kurstilbod til innbyggjarane.



Fordjupingstilbod:

Mål: Å gje tilbod til dei som har spesiell interesse og evne.

- Krav om høg og målretta innsats
- Eigne kriterium for opptak
- Kan organiserast i samarbeid med andre aktørar, for eksempel kulturskular og regionale/nasjonale fordjupingstilbod.

Vedtektene for Austrheim kulturskule er vedteken i sak xx/21, datert xx.xx.2021



Austrheim kulturskule